

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 875/2008**2014/EØS/32/39****av 8. september 2008****om oppheving av forordning (EF) nr. 1962/2006(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til traktaten om tilmelding av Bulgaria og
Romania til Den europeiske unionen, særleg artikkel 4 nr. 3,

med tilvising til akta om tilmelding av Bulgaria og Romania til
Den europeiske unionen, særleg artikkel 37, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved forordning (EF) nr. 1962/2006⁽¹⁾ innførte
Kommisjonen, i medhald av artikkel 37 i tilmeldingsakta
for Bulgaria, vernetiltak for Bulgaria på området sivil
luftfart, for såleis å handsame ei alvorleg forstyrring av
verkemåten til den indre marknaden for lufttransport
som følgje av at Bulgaria ikkje hadde oppfylt pliktene
sine innanfor ramma av tilmeldingsdrøftingane når det
gjeld politikken på området lufttransport i Fellesskapet
med omsyn til økonomisk verksemd med tverrnasjonale
verknader.
- 2) Etter innføringa av dei vernetiltaka som vart fastsette
ved forordning (EF) nr. 1962/2006, gjorde den rette
styresmakta for sivil luftfart i Bulgaria (heretter kalla
«den bulgarske luftfartsstyresmakta») avtale med Det
europeiske flytryggleiksbyrået (EASA) om å leggje
fram ein plan med korrigerande tiltak for å rette opp dei
tryggleiksmanglane som vart påviste under tidlegare
inspeksjonar frå EASA og dei felles luftfartsstyresmaktene
(JAA).
- 3) 6. september 2007 bad Kommisjonen EASA om å
kontrollere at den bulgarske luftfartsstyresmakta har retta
seg etter alle dei tryggleiksreglane som vart pålagde ved
dei vernetiltaka som vart innførte ved forordning (EF)
nr. 1962/2006, dvs. å kontrollere at den avtalte planen

for korrigerande tiltak er vorten gjennomført, og at den
bulgarske luftfartsstyresmakta har evne til å gjennomføre
reglane og syte for at dei vert etterlevde på tilbørleg måte
som ein del av tilsynspliktene sine.

- 4) Denne inspeksjonen vart gjennomført av EASA 26.-30.
november 2007 i medhald av artikkel 24 nr. 1 og 5 og
artikkel 54 i europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 216/2008 av 20. februar 2008 om felles regler for sivil
luftfart og om opprettelse av et europeisk flysikkerhetsbyrå,
og om oppheving av rådsdirektiv 91/670/EØF, forordning
(EF) nr. 1592/2002 og direktiv 2004/36/EF⁽²⁾ og i
samsvar med føresegnene i kommisjonsforordning (EF)
nr. 736/2006 av 16. mai 2006 om arbeidsmetodene til Det
europeiske flysikkerhetsbyrå ved standardiseringsinspeks
joner⁽³⁾. Etter denne inspeksjonen offentliggjorde EASA
rapporten sin 15. februar 2008⁽⁴⁾.
- 5) I rapporten sin frå standardiseringsinspeksjonen merkjer
EASA seg ei klar betring: alle del M-, del 145- og
del 147-godkjenningane og alle del 66-lisensane er vortne
utfërda. Godkjenningssertifikata for luftfartsselskap er òg
vortne utfërda i samsvar med europeiske krav, bortsett frå
eitt. EASA kunne difor avslutte 44 av 45 funn på området
luftdugleik, medan tolv nye funn vart registrerte som ein
del av den kontinuerlege overvakinga.
- 6) I rapporten sin slo EASA òg fast at etter den førre
inspeksjonen i november 2006 har den bulgarske
luftfartsstyresmakta vedteke drastiske tiltak med omsyn
til luftdugleiken til alle luftfartøy som er registrerte i
Bulgaria.
- 7) Talet på luftfartøy i det bulgarske registeret er difor
vorte nesten halvert, fordi luftfartøy som var bygde i
det tidlegare Sovjetunionen og omfatta av vedlegg II
til forordning (EF) nr. 216/2008, er vortne fjerna frå
registeret. Den bulgarske luftfartsstyresmakta har òg
gjort tiltak for å avgrense eller tilbakekalle godkjenningar
og sertifikat som ikkje er i samsvar med regelverket. Talet
på inspektørar av kontinuerleg luftdugleik har auka frå
åtte til tolv (i tillegg til tre nye tilsette i støttefunksjonar).

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 240 av 9.9.2008, s. 3, er
omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 35/2009 av 17. mars 2009 om
endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den
europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 27.

(1) TEU L 408 av 30.12.2006, s. 8. Retta i TEU L 47 av 16.2.2007, s. 8.

(2) TEU L 79 av 19.3.2008, s. 1.

(3) TEU L 129 av 17.5.2006, s. 10.

(4) Sluttrapport om standardiseringsinspeksjonen som EASA har gjennomført
av den bulgarske styresmakta for sivil luftfart i Republikken Bulgaria med
omsyn til det europeiske regelverket for lufttryggleik som gjeld for kontinu-
erleg luftdugleik, CAW.BG.11.2007, utfërda 15. februar 2008.

- Den bulgarske luftfartsstyresmakta har òg gjort store framsteg det siste året når det gjeld registrering, slik at inspektørane frå EASA kunne få eit godt innblikk i måten tilsynet vart utøvd på. Det vart òg notert at den bulgarske luftfartsstyresmakta har gjort ein stor innsats for å utarbeide ei handbok for inspektørar, som omfattar dei gjeldande krava, saman med kontrollister som skal nyttast av dei som skal søkje som godkjenning første gongen eller om endring av eksisterande godkjenningar. Til sist vart det dokumentert at det er gjennomført omfattande opplæring både av noverande og nytt personale i luftfartsstyresmakta, sjølv om det var visse område som ikkje var handsama særskilt, t.d. godkjenning av program for vedlikehald og driftstryggleik og RVSM-program for dårleg sikt.
- 8) Samstundes konkluderte EASA med at det framleis er naudsynt med betringar, særleg når det gjeld godkjenning av luftdugleik og kontinuerleg overvaking, for å løyse problemet med at den bulgarske luftfartsstyresmakta har mangelfull evne til å vurdere kor effektivt det felles kvalitetssystemet for drift, vedlikehald og sertifisering av flygemannskap er. På dette området fann EASA eitt tilfelle av manglande etterleving av krava i medhald av artikkel 13 bokstav d) i forordning (EF) nr. 736/2006, noko som ville kunne føre til store standardiseringsproblem på det aktuelle området og innebere ein fare for tryggleiken dersom manglane ikkje straks vart retta opp. I tillegg vart det observert visse tilfelle av manglande etterleving i dei føretaka som vart vitja i samband med inspeksjonen for å kontrollere kor effektivt den bulgarske luftfartsstyresmakta utfører tilsynet sitt, noko som stadfesta at styresmakta må leggje fram korrigerande tiltak for ytterlegare ti funn i medhald av artikkel 13 bokstav c) for å løyse problema innan 14 dagar.
- 9) Den bulgarske luftfartsstyresmakta reagerte i rett tid og sende over korrigerande tiltak til EASA, og tiltaka vart gjennomførte med samtykke frå EASA. For å kontrollere kor effektivt desse tiltaka er vortne gjennomførte, utførte EASA ein oppfølgingsinspeksjon 8. og 9. april 2008, og utferda 24. april 2008 ei avsluttande fråsegn om funna sine i medhald av artikkel 12 bokstav b) i forordning (EF) nr. 736/2006. Opplysningane i denne fråsegna vart endra ytterlegare i ei endeleg utgåve som vart utarbeidd av EASA 21. mai og send over til Kommissjonen 26. mai 2008.
- 10) 15. mai 2008 bad Bulgaria formelt Kommissjonen om å revidere og fjerne vernetiltaka i medhald av artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1962/2006, og grunn gav søknaden sin ved å vise til den avsluttande fråsegna som EASA hadde utferda tidlegare.
- 11) I medhald av artikkel 37 i akta om tilmelding av Bulgaria til Den europeiske unionen skal vernetiltaka haldast ved lag berre så lenge det er strengt naudsynt, og i alle tilfelle opphevast når det relevante kravet er gjennomført. Bulgaria har på ein vellukka måte gjennomført dei avtalte korrigerande tiltaka for å garantere at den bulgarske luftfartsstyresmakta har evne til å syte for at føresegnene i forordning (EF) nr. 216/2008 med gjennomføringsføresegner vert oppfylte.
- 12) Kommissjonen vurderer det difor slik at Bulgaria fullt ut oppfyller plikta si til å nytte fellesskapsreglane på området lufttransport, og at vernetiltaka som vart pålagde i medhald av forordning (EF) nr. 1962/2006, bør opphevast.
- 13) I medhald av artikkel 37 i akta om tilmelding av Bulgaria til Den europeiske unionen skal Kommissjonen melde frå til Rådet i god tid før han opphevar EU-forordningar og -vedtak om innføring av vernetiltak, og han skal ta tilbørleg omsyn til eventuelle merknader frå Rådet i samband med dette. I samsvar med dette har Kommissjonen 22. juli 2008 gjeve melding til Rådet.
- 14) Rådet slutta seg til dei framlagde tiltaka 24. juli 2008, utan merknader —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Forordning (EF) nr. 1962/2006 vert oppheva.

*Artikkel 2*Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. september 2008.

For Kommissjonen

Antonio TAJANI

Visepresident